

Det har komi fram motseiingar på eit par punkt idet nye kontigent-direktivet som må presiserast nærare. Det gjeld pkt. 5.1 og pkt 5.3. Om pkt 5.1 Kan ein avvike frå satsane?

I punktet er det slegi fast at ingen kan betala mindre enn minste-beløpet i sats 1, kr 60 pr. kvartal. Det er dette som gjeld.

Vidare i punktet tek ein opp unntaka. "Avvik frå kontigentsatsane vert berre aktuelt når så mange i ei avdeling ikkje kan betala lågaste sats at dei andre i avdelinga ikkje maktar å retta opp dette." Dette er litt upresist formulert og har vorti feiltolka av nokon. Dersom ein kamerat som betalar etter sats ein ikkje har økonomi til å betala kontigenten sjølv, må andre i laget hjelpe til slik at det vert betalt etter minstesatsen. Dette tyder ikkje at ein berre kan trekkeja frå ein annan kamrat som betaler meir. Skal ein endre kontigenten så gjeld pkt. 5.2. Problemet finn ein der ingen kan betala for dei som ikkje klarer minstesatsen. Slikt kan t.d tenkast i ei avdeling av berre arbeidslause. Når stoda vert slik må ein søke SK om dispensasjon frå direktivet.

Om punkt 5.3 Kontigent for partimedlem som også er medlem i RU eller NKS.

Dette punktet har ført til ein del motseiingar. Det som må gjelda er at partimedlem skal betala partikontigent og at dei ikkje kan avvike frå lågaste sats. (Tilsvarende vil og gjelda i RU og NKS, partiet kan ikkje ha medlem i ungdomsforbunda som ikkje betalar kontigent der. Eit utgangspunkt for fastsetting av kontigenten for partimedlem bør vera at summen vert lik det medlemmet ville betalt, dersom han/ho berre var medlem av partiet.

Ut frå dette må ein vurdere stoda konkret. I nokre dome vil det vera riktig å betala mest i t.d RU avdi partimedlemmet er eit framskredent ungdomsmedlem og bør gå i spissen for å drive opp kontigenten i sitt lag. Andre stader kan ein betala likt i partiet og ungdomsforbundet, eller mest i partiet. Dette må vurderast etter storleiken på beløp og stoda i RU, NKS. Maktar ikkje partimedlemmet å betala kontigenten begge stader, må avdelinga drøfte om andre medlem av avdelinga kan hjelpe med kontigenten.

Økonomiutvalget.

På oppdrag av AU.